

Årsmelding

Trøndelag Redaktørforening

Styret

Styret i TR har i denne årsmøteperioden vore samansett av:

Tor Røed, NRK (leiar)

Sigrid Gjellan, NRK

Gunnar Flikke, Adresseavisen

Erlend Hansen Juvik, Adresseavisen

Roger Rein, Levangeravisa

Kjell-Ivar Myhr, Stjødalens Blad/Malvikbladet

Aagot Opheim, Adresseavisen

Revisor: Magnar Gjertsen, Adresseavisen

Valkomite: Rolf Dyrnes-Svendsen, Arve Løberg.

Gunn Sissel Finne Rundhaug (NRK) har vore rekneskapsførar i perioden.

Styrets arbeid i perioden

Denne rapporten omtalar primært styrets aktivitet i rapporteringsperioden som er tilsvarande kalenderåret 2012.

I løpet av året har styret konsentrert sitt arbeid rundt studietur, Hellkonferansen og å arrangere debattmøter.

Styret gjennomførte tre ordinære styremøter i løpet av årsmøteperioden. I tillegg har styret hatt etter måten hyppig saksbehandling via e-post.

Debattmøter:

Styremøtene har i stor grad vore prega av arbeid med å få arrangert debattmøter. Det har vore varierende oppslutning om desse møta – frå ca 10 til nærare 30 deltakarar.

I perioden har det vore arrangert fire debatt-/temamøter.

14. juni arrangerte TR eit møte med dåverande konsernsjef i A-media Thor Gjermund Eriksen. Her var tema den pågåande omorganiseringa av selskapet.

4. oktober arrangerte TR eit møte med då avtroppande kringkastingssjef Hans-Tore Bjerkås. Bjerkås var også til stades på eit møte med TR umiddelbart etter at han vart utnemnt til kringkastingssjef i 2007, og «ringen var dermed slutta» når han også var til stades raskt etter at det vart kjent at han skulle slutte.

7. november arrangerte TR eit møte om dei økonomiske innsparingane i Schibsted og Polaris med Hilde Haugsgjerd og Arne Blix. Dette møtet vart også kombinert med eit besøk og orientering om drifta i Stjørdalens Blad med redaktør Kjell-Ivar Myhr.

Thor Gjermund Eriksen deltar dessutan på temamøte knytta til årsmøtet 4. februar 2013. Eriksen er utnemnt som ny kringkastingssjef og i tråd med etterkvart gode tradisjonar deltar han på eit møte med TR rett før han formelt tar til som ny sjef i NRK 11. mars.

Hellkonferansen:

Hellkonferansen er det største enkeltarrangementet i landsdelen der TR er eigar og medarrangør saman med NTJ og TJ. Fylgjeleg har også TR bidratt aktivt på organisasjons- og innhaldssida. Aagot Opheim (Adresseavisen), Roger Rein (Levanger-Avisa) og Kim Riseth (NA) har vore foreningas representantar i sjølve komitearbeidet, medan Tor Røed har deltatt på eigarsida saman med leiarane for TJ og NTJ.

Arbeidet med Hellkonferansen er blitt stadig meir omfattande, og vi er etterkvart blitt avhengige av ei form for å kjøpe fri leiaren av konferansen. Konferansen i 2013 er derfor gjennomført gjennom eit økonomisk spleiselag mellom Adresseavisen, Trønderavisa, Namdalsavisa og NRK.

TR bidrar økonomisk direkte til konferansen gjennom delfinansiering av pengepremiene saman med dei to andre eigarforeningane. Utover dette bidrar TR økonomisk gjennom mediebedriftene ved å finansiere deltakaravgifta til deltakarane. NR bidrar dessutan økonomisk med støtte til eit konkret arrangement. Dette blir finansiert gjennom bruk av vederlagsmidlar.

I løpet av hausten har dei tre eigarorganisasjonane TJ, NTJ og TR gjort eit omfattande arbeid for å justere og modernisere statuttane for prisutdelinga på Hellkonferansen. Stuttane er no endra til å vera meir tilpassa dagens produksjons- og publiseringsmåtar uavhengig av publiseringsplattform.

Studietur

TR arrangerte studietur til Stockholm våren 2011 med møte med Sveriges Radiosjef Mats Svegfors, møte med den nye aksjonæren i Adresseavisen Norrkøpings Tidningar, med politisk «nestor» KG Bergstrøm, med tidlegare sjefredaktør i Aftonbladet og Svenska Dagbladet Thorbjørn Larsson og med Kjell Pihlstrøm som fortalte om tida som NRK-korrespondent i Sverige.

I løpet av seinhausten 2012 har styret planlagt gjennomført ein studietur til New York. Umiddelbart etter nyåret 2013 blei turen vedtatt utsatt til hausten 2013. Det blir då opp til det nye styret i TR å planlegge denne turen vidare.

Andre aktivitetar:

Leiaren i TR deltok på ei samling for dei regionale redaktørforeningane i november 2012, arrangert av NR. Tema her var utveksling av felles erfaringar.

Trondheim 4. februar 2013

For styret i TR

Tor Røed (s)

